




Statsforvalteren i Oslo og Viken

# Tilsynsrapport

Kommunen sitt ansvar som barnehagemyndighet

ÅI kommune





## Samandrag

Vi gjennomfører tilsyn med Ål kommune. Temaet for tilsynet er ansvaret til kommunen som barnehagemyndighet. Det overordna formålet med tilsynet er å kontrollera om kommunen oppfyller krava i regelverket.

Tilsynet har som formål å kontrollere om barnehagemyndigheita oppfyller krava i regelverket når det gjeld å sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk, og då med spesielt fokus på risikovurderingane til barnehagemyndigheita som utgangspunkt for val av verkemidla tilsyn og rettleiing.

I tilsynet har vi vurdert at barnehagemyndigheita har tilstrekkeleg informasjon og kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene sine etter barnehagelova. Vi kan likevel ikkje sjå av dokumentasjonen at barnehagemyndigheita har oversikt over alle eigarpliktene i barnehagelova.

Vi har også vurdert at barnehagemyndigheita ikkje har sannsynleggjort korleis ho bruker kunnskapen ho har om barnehagane til å gjera risikovurderinger for å vurdera behovet for rettleiing og tilsyn. Av den grunn finn vi det heller ikkje sannsynleggjort at risikovurderingane er baserte på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova eller om barnehagemyndigheita gjennomfører rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger.

## Regelverksbrot

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg innan fristen. Vi har gjort endringar i rapporten under punkt 2.1.1 og 2.1.3, samt 3 og 4.

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 02.10.2023.



## Innholdsfortegnelse

Samandrag.....	2
1 Innleiing .....	4
1.1 Kort om Ål kommune .....	4
1.2 Tema for tilsynet .....	4
1.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
2 Kommunen som barnehagemyndighet.....	5
2.1 Risikovurderinger .....	6
2.1.1 Har barnehagemyndigheita oversikt over pliktene til barnehageeigaren etter barnehagelova? .....	6
2.1.2 Har barnehagemyndigheita tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene etter barnehagelova? .....	7
2.1.3 Bruker barnehagemyndigheita denne kunnskapen til å gjere risikovurderingar for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn? .....	8
2.1.4 Er barnehagemyndigheita sine risikovurderingar basert på ei oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova? .....	11
2.1.5 Gjennomfører barnehagemyndigheita rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger? .....	12
3 Varsel om pålegg om retting .....	13
4 Kommunen kan gi tilbakemelding på rapporten.....	13



## 1 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 54. Reglane for statleg tilsyn er heimla i kommunelova kapittel 30 .

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggja retting.

Tilsyna våre er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføra tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om korleis vi behandlar av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

### 1.1 Kort om Ål kommune

Ål kommune har fem kommunale barnehagar. Kommunen har eit interkommunalt samarbeid med dei fem andre kommunane i Hallingdal; Nesbyen, Gol, Hemsedal, Hol og Flå.

Organisasjonskartet til Ål kommune viser at leiinga i kommunen består av rådmann som øvste leiar for tre sektorleiarar, blant anna sektorleiar for Oppvekst. Under området Oppvekst ligg dei fem kommunale barnehagane, fire skular, kulturskulen, og innvandrarstenesta.

Ifølgje delegeringsreglementet til kommunen, sist redigert 06.12.2017, blir oppgåver og myndigkeit delegert i linje, det vil seiå frå kommunestyret, til sektorutval for Kultur og Oppvekst, og vidare til Rådmann. Det går fram av reglementet at Rådmannen kan, i medhald av kommunelova, delegera myndigkeit vidare til andre i kommuneadministrasjonen. Det kjem ikkje fram av delegeringsreglementet korleis delegeringslenka er bygd opp, eller kven som har delegert myndigkeit etter barnehagelova med forskrifter.

I motteke dokument «Plan og rutine for tilsyn barnehage» står det at i Hallingdal er barnehagemyndigheita delegert til barnehagefagleg ansvarleg i kvar kommune.

### 1.2 Tema for tilsynet

Vi har kontrollert følgjande tema:

Barnehagemyndigheita har plikt til å sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk.<sup>1</sup>

Under dette temaet har vi kontrollert om barnehagemyndigheita gjennomfører risikovurderingar av korleis barnehageeigarane oppfyller eigarpliktene i barnehagelova

Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket.

---

<sup>1</sup> Jf. barnehagelova §§ 10 første og femte ledd og § 53.



Formålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller dei krava i regelverket som gjeld ansvaret til kommunen som barnehagemyndighet og på denne måten bidra til auka rettstryggleik for barn og foreldre.

### 1.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Statsforvaltaren opna tilsyn med Ål kommune i brev av 03.01.2023. Kommunen vart pålagd å levera dokumentasjon til oss. Vi fekk den dokumentasjonen vi trong for å gjennomføra tilsynet.

I tilsynet har vi også nytta Utdanningsdirektoratet sitt system for eigenvurdering, RefLex, som informasjonsgrunnlag.

Kommunen leverte følgjande dokumentasjon til Statsforvaltaren:

- Redegjørelse: «Kommunens arbeid kring innhenting av informasjon og kunnskap og korleis dette nyttast.» datert 03.02.2023.
- Organisasjonskart
- Delegeringsreglement
- Plan og rutine for tilsyn i barnehage
- Internkontroll med barnehagen
- Rutine ved klage frå føresette i barnehagen
- Risikovurdering
- Strategidokumentet Betre Læring
- Årsplan Sundre barnehage

Vi sende førebels tilsynsrapport til kommunen 01.03.2023. I den presenterte vi våre førebelse vurderinger og konklusjonar.

Kommunen har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen, 17.03.2023. Vi har fått følgjande dokumentasjon:

- Barnehageloven, ansvar og roller
- Årshjul for barnehagemyndigheten
- Årshjul styrar teamet i Ål kommune 2023/2024
- Risikoanalyse barnehager 2023

Vi har behandla kommentarane og dokumentasjonen under kvart av dei aktuelle temaa.

På bakgrunn i dette fattar vi, i denne tilsynsrapporten, vedtak med pålegg om retting.

### 2 Kommunen som barnehagemyndighet

Vi har vurdert plikta kommunen har til å sjå til regelverksetterleiving, jf. det rettslege grunnlaget knytt til kvart punkt. Dersom vi konkluderer med at kommunen ikkje oppfyller krava som ligg i kvart enkelt spørsmål, er konklusjonen at kommunen ikkje oppfyller forpliktinga si til å sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk.<sup>2</sup>

---

<sup>2</sup> Jf. barnehagelova §§ 10 første og femte ledet og § 53.



## 2.1 Risikovurderingar

### 2.1.1 Har barnehagemyndigheita oversikt over pliktene til barnehageeigaren etter barnehagelova?

#### *Rettsleg grunnlag*

Barnehagemyndigheita må ha ein overordna kjennskap til eigarpliktene som finst i barnehagelova. For å oppfylle ansvaret om å sørge for regelverksetterleving i barnehagane etter barnehagelova § 10 første leddet, må barnehagemyndigheita ha oversikt over regelverket ho rettleier om og fører tilsyn med. Det er ikkje nødvendig med detaljkunnskap om alle pliktene til barnehageeigaren, eller at det ligg føre ei oversikt i eit bestemt format. Det er ikkje den personlege kjennskapen hos den enkelte barnehagemyndigheita som er det sentrale, men den samla kjennskapen til eigarpliktene som barnehagemyndigheita har.

#### *Observasjonane våre*

I RefLex svarer barnehagemyndigheita at ho har oversikt over pliktene til barnehageeigarane etter barnehagelova. Barnehagemyndigheita skriv at ho held seg oppdatert på lovverk, ansvarsområde og fag ved å delta på samlingar hos Statsforvaltaren, kurs/opplæring i eigen kommune og region, faglitteratur og saksbehandlarskulen i regi av Visma.

Vi har motteke dokumentet «Internkontroll med barnehagane i Ål kommune». Her står det at formålet med internkontrollen er å sikra at krava i barnehagelova og forskrifter bli følgde. Vidare står det at gjennom dei vedlagde eigenkontrollane skal ein kunna identifisera risikoforhold, feil og manglar, og dessutan at krava i barnehagelova til ein kvar tid skal vera oppfylte.

Barnehagemyndigheita har utarbeidd skjemaet «Eigenkontroll av Lov om barnehagar med forskrifter for barnehagane». Skjemaet er bygd opp som ei sjekkpunktliste for barnehagane, kor mange av paragrafane i barnehagelova er lista opp. Styrar skal krysse av for «ja», «nei», «ikkje» aktuelt, og dessutan kommentera ved nei og føra opp tiltak. Eigenkontrollen skal utførast årleg og sendast til barnehagemyndigheita innan 1.november.

Vidare har vi motteke skjemaet «Risikovurdering». Dette er eit Excel-ark som følgjande paragrafar frå barnehagelova er oppstilte; barnehageloven § 8 (vedtekter), §§ 24-26 (personalet), § 30 (politiattest), § 44 (tieplikt), § 46 (opplysningsplikt til barnevernet) og Forskrifta § 1. Det er ikkje kjent for oss kva forskrift barnehagemyndigheita viser til her.

I tilbakemeldinga på førebels tilsynsrapport har vi motteke dokumentet «Barnehageloven, ansvar og roller». Dokumentet inneheld ein tabell der alle paragrafar i barnehageloven (58 stykke) er lista opp i første kolonne, i andre kolonne er innhald i paragrafane beskrive. I kolonne tre står det eit kryss for paragrafane som omhandlar styresmaksoppgåver, og i kolonne fire er det kryssa av for oppgåvene til barnehageeigar. Vidare ser me at det for 34 av paragrafane, er det kryssa av for at både barnehageeigar og barnehagemyndigheita har eit ansvar.

#### *Vurderingane våre*

I eigenvurderingsverktøyet RefLex frå Utdanningsdirektoratet står det i rettleiingsteksten til spørsmål 1.1, at ulike dokument kan gje uttrykk for barnehagemyndigheita si overordna



kjennskap til eigarpliktene, til dømes val av tema for tilsyn, tilsynsrapportar, rettleiingsmateriell, møtereferat og rutinar.

Det er vår vurdering at verken oversend dokumentasjon eller svaret i RefLex sannsynleggjer at barnehagemyndigheita har oversikt over barnehageeigars plikter etter barnehagelova. Oversendt skjema for risikovurdering inneholder berre ein del av dei pliktene som barnehageeigar har etter barnehagelova, men ikkje alle. I skjema «Eigenkontroll av lov om barnehagar med forskrifter for barnehagane» er nokre av eigarpliktene lista opp. Vi ser også at barnehagemyndigheita i dette skjemaet blandar eigarpliktene med ansvar og oppgåvene til barnehagemyndigheita. Vidare ser vi i same skjema at barnehagelovas § 9 om internkontroll i barnehagen, er utelate.

Som det går fram av det rettslege grunnlaget er det er ikkje nødvendig at barnehagemyndigheita har detaljkunnskap om alle pliktene til barnehageeigaren, eller at det ligg føre ei oversikt i eit bestemt format. Vi vurderer at mottekte skjema «Eigenkontroll av Lov om barnehagar med forskrifter» verkar meir som ei oppling av nokre av eigarpliktene, enn at ho viser korleis barnehagemyndigheita gjennom sitt ansvar og sine oppgåver har kjennskap til eigarpliktene. I og med at skjemane vi har motteke, ikkje er utfylt og at me ikkje har fått annan dokumentasjon, døme frå rettleiingar, tilsyn eller møteverksemd, er det vår vurdering at dokumentasjonen ikkje sannsynleggjer at barnehagemyndigheita har oversikt over eigarpliktene i barnehagelova.

Statsforvaltaren vurderer at dokumentet «Barnehageloven, ansvar og roller» er ei oppling av alle paragrafane i barnehagelova. Vidare vurderer me at avkryssinga viser at både barnehagemyndigheita og barnehageeigar har ansvar for same heimlar. Barnehagelova har eit klart skilje mellom eigarpliktene og ansvara og oppgåvene til barnehagemyndigheita. På bakgrunn i avkryssingane i «Barnehageloven, ansvar og roller», er det framleis vår vurdering at eigarpliktene er samanblanda med ansvar og oppgåvene til barnehagemyndigheita.

Ettersom den mottekte dokumentasjonen ikkje gir oss ny informasjon og at vi ikkje har fått annan dokumentasjon, som viser at barnehagemyndigheita har oversikt over eigarpliktene, held vi følgjeleg oppe vår vurdering om at barnehagemyndigheita ikkje har oversikt over barnehageeigars plikter etter barnehagelova.

#### *Konklusjon*

Barnehagemyndigheita har ikkje oversikt over barnehageeigars plikter etter barnehagelova.

### **2.1.2      Har barnehagemyndigheita tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene etter barnehagelova?**

#### *Rettsleg grunnlag*

Barnehagemyndigheita må ha nok og eigna informasjon om barnehagane til å gjere risikovurderingar. Dersom barnehagemyndigheita ikkje har tilstrekkeleg informasjon om barnehagane sin praksis for å ta stilling til om barnehageeigarane tek hand om pliktene sine, må ho innhente slik informasjon. Utan informasjon om regelverksetterleving kan ikkje barnehagemyndigheita vurdere risikoene for brot på regelverket og behovet for rettleiing og



tilsyn. Informasjonen skal vise om regelverket er kjent, forstått og etterlevd av barnehageeigarane.

#### *Observasjonane våre*

Barnehagemyndigheita svarer i RefLex at ho har tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene etter barnehagelova.

Gjennom dokumenta «Kommunens arbeid kring innhenting av informasjon og kunnskap og korleis dette nyttast.» og «Plan og rutine for tilsyn i barnehagen» går det fram at barnehagemyndigheita innhentar informasjon gjennom mellom anna årleg Basil rapportering, møteverksemd, internkontroll, klager, årsplan, evalueringar, årsrapportar, brukarundersøkingar, dialogmøte, klagesaker, opptak og tilsetjingar, medarbeidarundersøkingar, uformelle samtalar og besök ute i barnehagane.

#### *Vurderingane våre*

Av dokumentasjonen kjem det fram at barnehagemyndigheita har mange og ulike informasjonskjelder som gir informasjon om praksisen til barnehagane.

På bakgrunn av dette er det vår vurdering at barnehagemyndigheita har tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller sine plikter etter barnehagelova.

#### *Konklusjon*

Barnehagemyndigheita har tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller pliktene sine etter barnehagelova.

### **2.1.3 Bruker barnehagemyndigheita denne kunnskapen til å gjere risikovurderinger for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn?**

#### *Rettsleg grunnlag*

Barnehagemyndigheita må bruke kunnskapen om barnehageeigarane til å gjere løpende vurderinger av sannsynet for og konsekvensen av brot på barnehageeigaren sine plikter i barnehagelova. Barnehagemyndigheita må gjere dette både på bakgrunn av informasjon om regelverksetterleiving i den enkelte barnehagen og samla for alle barnehagane.

På bakgrunn av informasjon om regelverksetterleiving må barnehagemyndigheita vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. Dette inneber at barnehagemyndigheita må kartlegge risiko for brot på regelverket ved å bruke kjelder som seier noko om regelverksetterleiving. Vidare må barnehagemyndigheita vurdere kva for verkemiddel som er eigna til å sørge for regelverksetterleiving. Dersom barnehagemyndigheita ikkje bruker den informasjonen ho har om barnehagane, vil ikkje tema for tilsyn og rettleiing vere i samsvar med dei faktiske behova. Dette vil igjen føre til at barnehagemyndigheita ikkje sørger for regelverksetterleiving ved gjennomføringa av rettleiing og tilsyn.<sup>3</sup>

---

<sup>3</sup> Jf. barnehagelova § 10 første ledd.



### *Observasjonane våre*

I RefLex svarer barnehagemyndigheita «ja» på at ho bruker kunnskapen om barnehagane til å gjere risikovurderinger for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn.

I dokumentet «Plan og rutine for tilsyn barnehage» kjem det fram at dei seks kommunane i Hallingdalsregionen har eit samarbeid rundt risikovurderingar, rettleiing og tilsyn. Vidare står det at risikovurderinga skal skje kontinuerleg og skal årleg skal gåast gjennom i møte for barnehageansvarlege i regionen for å samordna eventuelle tilsyn og rettleingar. Av «Plan for rutine for tilsyn med barnehagen» kjem det fram at på denne måten skal habiliteten varetakast internt i samarbeidskommunane.

I dokumentet «Kommunens arbeid kring innhenting av informasjon og kunnskap og korleis dette nyttast.» skriv barnehagemyndigheita at opplysningane gitt av barnehagene i eigenverderingsskjemaet, blir evaluerte og det blir gjort ein risikoanalyse dersom det er avvik. Risikoanalysen blir teken opp til drøfting i barnehagefagleg forum i Hallingdal og det blir vurdert om det er behov for rettleiing eller tilsyn.

Av det mottekne Excel-skjemaet «Risikoanalyse barnehagar» ser vi som nemnt under kontrollspørsmål 2.1.1 at barnehageloven § 8, §§ 24-26, § 30, § 44, § 46 og Forskrifta § 1 er lista opp. Vidare er det sett inn kolonnar for; namnet til barnehagen, brukarundersøking, bekymringsmeldingar/hendingar, dispensasjonar frå utdanningskravet og pedagognorma, resultatrekneskap, årsmelding, deltaking på møte, opptak og årsplan. Det er også kolonnar for grunngiving og vurdering, og dessutan val av verkemiddel som tilsyn eller rettleiing. Av skjemaet kjem det fram at barnehagemyndigheita skal vurdera etter trafikklysmodell med, grønt for låg risiko, gult for middels risiko og raudt for høg risiko. Skjemaet er tomt og inneholder ingen data, grunngivingar, vurderingar eller val av verkemiddel.

I tilbakemeldinga på førebels rapport har kommunen lagt ved «Risikoanalyse barnehagar 2023». Her har barnehagemyndigheita gjennomført ei risikovurdering av dispensasjonar frå utdanningskravet i alle barnehagane i kommunen. Risikovurderinga viser at det er nødvendig med rettleiing i to av barnehagane.

Vidare har kommunen i tilbakemeldinga si på førebels rapport sendt over «Årshjul for barnehagemyndigheita». Her kjem det fram at barnehagemyndigheita skal gjennomføra risikoanalyse i februar og mars. Vidare ser vi at barnehagemyndigheita skal besøkja ein barnehage i august, to barnehagar i september og to barnehagar i oktober. Tema for besøka er barnehageloven kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø.

I «Årshjul for barnehagemyndigheita» og «Årshjul for styrarteamet i Ål kommune 2023/2024», er det fastsett at tema på styrarmøta skal vera, i januar; *gjennomgang av eventuelle nye lovverk og forskrifter*, august; *informasjon om nytt regelverk og andre føringar*, september; *barnehagelova § 9 - internkontroll*, oktober; *barnehagelova § 2 - barnehagens innhald* og november; *barnehagelova kapittel 3 - retten barnet har til medverknad og omsynet til barnets beste*.



### Vurderingane våre

Som det går fram av det rettslege grunnlaget må barnehagemyndigheita bruka kunnskapen om barnehageeigarane til å gjera løpende vurderingar av sjanske for og konsekvensen av brot på barnehageeigarane sine pliktar i barnehagelova. Vidare må barnehagemyndigheita på bakgrunn av informasjon om regelverksetterleiving vurdera behovet for rettleiing og tilsyn.

Det er vår vurdering at dokumentet «Plan og rutine for tilsyn i barnehage» beskriv ein rutine for korleis barnehagemyndigheita skal gjennomføra risikovurderingar. Vidare er det vår oppfatning at det oversende Excel-skjemaet «Risikoanalyse barnehagar» inneheld mange relevante føresegner i barnehageloven og dei nemnde kolonnane i skjemaet kan gi barnehagemyndigheita mykje informasjon. Sidan skjemaet ikkje er utfylt, er det vår vurdering at den oversende dokumentasjonen ikkje inneholder informasjon som viser korleis barnehagemyndigheita bruker kunnskapen ho har om barnehagane, til å gjennomføra løpende risikovurderingar.

Av den grunn er det ikkje klart for oss korleis barnehagemyndigheita bruker kunnskapen ho har om barnehagane til å gjennomføra ei løpende vurdering av sjanske for og konsekvensen av brot på barnehageeigars plikter i barnehagelova. Det er vår oppfatning at det ikkje kjem fram av dokumentasjonen korleis barnehagemyndigheita har vurdert informasjonen ho har om barnehagane for å velja verkemidla rettleiing eller tilsyn.

Det er vår vurdering at barnehagemyndigheita i skjemaet «Risikoanalyse barnehagar 2023» har gjennomført ei risikovurdering av *ei* av eigarpliktene. Vidare er det vår vurdering at barnehagemyndigheita har to stoppunkt for risikovurderingar i årshjulet, høvesvis februar og mars.

«Årshjul for barnehagemyndigheita» viser at tema for styrarmøta i januar, august, september, oktober, november og desember er førehandsbestemt. Vi kan ikkje sjå kva vurdering som ligg til grunn for at barnehagemyndigheita vurderer dei førehandsvalde tema som nødvendige. Vidare kan vi heller ikkje sjå av den mottekte dokumentasjonen kvifor barnehagemyndigheita vurderer det som nødvendig og ha fokus på barnehagelova kapittel VIII i besøka i barnehagane i august, september og oktober 2023. Vi kan heller ikkje sjå kva vurdering som ligg til grunn for kvifor barnehagemyndigheita skal ha fokus på fagområdet «Kommunikasjon, språk og tekst» under besøka i barnehagane i januar, februar og mars i 2024. Det verkar ikkje klart for oss korleis besøka skal gjennomførast og kva som er hensikta for at barnehagemyndigheita skal sjå til at barnehagane følgjer regelverket.

Som det går fram av det rettslege grunnlaget skal barnehagemyndigheita bruka kunnskapen om barnehageeigarane til å gjera løpa vurderingar av sjanske for og konsekvensen av brot på barnehageeigar sine pliktar i barnehagelova. Vidare skal barnehagemyndigheita bruka all informasjonen om barnehagane, innanfor alle eigarplikter, for å kunna avgjera behovet for rettleiing eller tilsyn.



Statsforvaltaren vurderer at barnehagemyndigheita i tilbakemeldinga på førebels rapport framleis ikkje har sannsynleggjort at ho bruker kunnskapen om barnehagane til å gjera løpa risikovurderinger for å vurdera behovet for rettleiing og tilsyn.

#### *Konklusjon*

Barnehagemyndigheita bruker ikkje kunnskapen til å gjera risikovurderinger for å vurdera behov for rettleiing og tilsyn.

### **2.1.4 Er barnehagemyndigheita sine risikovurderinger basert på ei oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?**

#### *Rettsleg grunnlag*

Barnehagemyndigheita må bruke lova og forskriftene i tråd med gjeldande rett når ho vurderer risiko for brot på regelverket. Dette inneber at barnehagemyndigheita må vite kva for rettslege krav regelverket set til barnehageeigaren. Det rettslege kravet følgjer ikkje alltid direkte av lovteksten. Barnehagemyndigheita må bruke gyldige rettskjelder og leggje til grunn gjeldande fortolking frå nasjonale myndigheter for å klargjere kva regelverket faktisk krev av barnehageeigaren.

#### *Observasjonane våre*

I RefLex svarer barnehagemyndigheita «ja» på at risikovurderingane deira er baserte på ei oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova. Barnehagemyndigheita skriv at ho oppdaterer seg jamleg på lova og gjennomfører kurs gjennom Visma rettleier for å få ei betre forståing av lova.

Vidare opplyser barnehagemyndigheita at ho deltek på regelverkssamlingar i regi av Statsforvaltaren, og at dei har eit godt regionalt samarbeid med andre kommunar som bidreg til auka lovforståing. Vidare opplyser barnehagemyndigheita om at det blir søkt rettleiing hos Statsforvaltaren ved behov, og dessutan at lovverket blir jamleg drøfta på leiarmøte.

#### *Vurderingane våre*

Det kjem fram av det rettslege grunnlaget at barnehagemyndigheita må bruka lova og forskifta i tråd med gjeldande rett når ho vurderer risiko for brot på regelverket. Dette inneber at barnehagemyndigheita må vita kva gjeldande rett krev av barnehageeigar. I punkt 2.1.1 og 2.1.3 vurderte og konkluderte vi med at barnehagemyndigheita ikkje har oversikt over barnehageeigars plikter etter barnehageloven og at ho ikkje gjer risikovurderingar.

Det er med bakgrunn i det ovannemnde at vi vurderer at det ikkje er sannsynleggjort, gjennom motteken dokumentasjon, at barnehagemyndigheita si risikovurdering er basert på ei oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova.

#### *Konklusjon*

Barnehagemyndigheita si risikovurdering er ikkje basert på ei oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova.



## 2.1.5 Gjennomfører barnehagemyndigheita rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger?

### *Rettsleg grunnlag*

For at barnehagemyndigheita skal gjennomføre rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger, må ho ha tilstrekkeleg kunnskap om barnehagane, og på bakgrunn av kunnskapen vurdere behovet for rettleiing og tilsyn. På denne måten vil barnehagemyndigheita få eit bilet av kor regelverksetterlevinga eventuelt er mangelfull. På bakgrunn av denne informasjonen må barnehagemyndigheita bruke sine verkemiddel: rettleiing og tilsyn.

Barnehagemyndigheita må gjennomføre rettleiing og tilsyn på ein slik måte at ho bidrar til auka regelverksetterleving i barnehagen. Dersom barnehagemyndigheita ikkje bruker verkemidla i tråd med funna sine, oppfyller ho ikkje plikta til å sørge for regelverksetterleving.

### *Observasjonane våre*

Barnehagemyndigheita svarer «ja» i RefLex at ho gjennomfører rettleiing og tilsyn i tråd med risikovurderingane sine. Vidare opplyser barnehagemyndigheita at kommunane i Hallingdal har eit regionalt samarbeid rundt risikovurderingar, rettleiing og tilsyn.

I dokumentet «Plan og rutine for tilsyn barnehage» er det skrive at risikovurderingane skal gå føre seg kontinuerleg og skal årleg vera gjenstand for gjennomgang i møte for barnehageansvarlege i regionen for å samordna eventuelle tilsyn og rettleiingar. Vidare står det at risikovurderinga vil visa om det er nødvendig å gjennomføra rettleiing eller tilsyn.

### *Vurderingane våre*

Ifølgje det rettslege grunnlaget må barnehagemyndigheita bruka verkemidla sine; rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger. Barnehagemyndigheita må gjennomføra rettleiing og tilsyn på ein slik måte at ho bidrar til auka regelverksetterleving i barnehagen. Dersom barnehagemyndigheita ikkje bruker verkemidla i tråd med funna sine, oppfyller ho ikkje plikta til å sørge for regelverksetterleving.

Vi har under punkt 2.1.3 konkludert med at barnehagemyndigheita ikkje bruker kunnskapen ho har om barnehagane til å gjera risikovurderingar. Det er vår vurdering at den mottekne dokumentasjonen viser at barnehagemyndigheita har rutinar for korleis risikovurderingar skal gjennomførast og at desse skal liggja til grunn for val av verkemiddel. Derimot kan vi ikkje sjå av dokumentasjonen korleis barnehagemyndigheita i praksis gjennomfører rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar. Dermed finn vi det ikkje sannsynleggjort at barnehagemyndigheita gjennomfører rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar.

### *Konklusjon*

Barnehagemyndigheita gjennomfører ikkje rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar.



### 3 Statsforvaltarens reaksjonar

#### 3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at kommunen ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg kommunen å retta opp følgjande forhold:<sup>4</sup>

Barnehagemyndigheita i Ål kommune skal sjå til og sikra at barnehagane i kommunen blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk.<sup>5</sup>

Pålegget inneber at (korreksjonspunkt):

- a) Barnehagemyndigheita må ha oversikt over eigarpliktene i barnehagelova.
- b) Barnehagemyndigheita må bruka kunnskapen til å gjera risikovurderingar for å vurdera behov for rettleiing og tilsyn.
- c) Barnehagemyndigheita må basere risikovurderinga si på oppdatert og gjeldande forståing av barnehageloven.
- d) Barnehagemyndigheita må gjennomføra rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger.

#### 3.2 Oppfølging av pålegga

Kommunen skal setja i verk tiltak for å retta brot på regelverket omgåande. Når pålegga er retta, skal kommunen erklæra at retting er gjennomført og gjera greie for korleis det har vorte retta.

Frist for innsending er 02.10.2023. Vi vil ikkje avslutta tilsynet før kommunen, gjennom erklæringa og forklaringa si, har vist at pålegga er retta.

### 4 Kommunen kan gje tilbakemelding på rapporten

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak.<sup>6</sup> Kommunen kan klaga på enkeltvedtaket.

Viss kommunen klagar, må det gjerast innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har komme fram til kommunen.<sup>7</sup> Kommunen sender klag til oss. Vi har høvet til å gjera om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med kommunen, sender vi klag til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

Kommunen kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagan er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet.<sup>8</sup>

Kommunen har rett til innsyn i dokumenta i saka.<sup>9</sup>

<sup>4</sup> Jf. barnehagelova § 54, jf. kommunelova § 30-4.

<sup>5</sup> Jf. barnehagelova § 10 første og femte ledd og § 53.

<sup>6</sup> Jf. forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav b.

<sup>7</sup> Jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29.

<sup>8</sup> Jf. forvaltningsloven § 42.

<sup>9</sup> Jf. forvaltningslova § 18.



Statsforvalteren i Oslo og Viken

Oslo, 30.03.2023

Heidi Martinsen  
seniorrådgjevar  
tilsynsleiar

Sissel Endung Berger  
seniorrådgjevar



STATSFORVALTAREN I OSLO OG VIKEN

Postboks 325, 1502 Moss

[sfovpost@statsforvaltarem.no](mailto:sfovpost@statsforvaltarem.no) [www.statsforvaltaren.no/ov](http://www.statsforvaltaren.no/ov)

